

Møre og Romsdal fylkeskommune

Borgund vidaregåande skole

Årsmelding skoleåret 2025-26

Innhaldsliste

1. Rektor har ordet 2

2. Nøkkelopplysningar om skolen 4

2.1 Organisasjonen 4

2.2 Utdanningsprogram og elevtal 8

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1 10

3. Læringsmiljø 11

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga 11

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet 13

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad 14

4. Skoleårsresultat 16

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring 16

4.2 Karaktersnitt 18

4.3 Fråvær 19

4.4 Elevar som har slutta 20

4.5 Overgangar 22

5. Leiing og profesjonsutvikling 24

5.1 Handlingsplan 24

5.2 Avdelingsmøter 25

5.2 Fellespedagogiske møter 25

5.3 Strategi for kompetanseheving 25

1. Rektor har ordet

Skuleåret 2025–2026 har vore prega av utvikling, høg aktivitet og målretta arbeid for å styrkje kvaliteten i yrkesfagopplæringa. Borgund vidaregåande skule har eit viktig samfunnsoppdrag i å utdanne framtidas fagarbeidarar og samtidig bidra til at ungdom utviklar den kompetansen, sjølvstenda og robustheita som arbeids- og samfunnslivet etterspør.

Årsmeldinga viser eit samansett, men i hovudsak positivt bilete av skulen. Elevundersøkinga viser positiv utvikling på Vg1 og særleg Vg2, med høg trivsel, god støtte frå lærarane og auka oppleving av meistring. Samstundes er gjennomføring framleis ein av dei viktigaste utfordringane våre. Fullført og bestått gjekk noko ned dette skuleåret, medan fråværet vart vesentleg redusert. Dette viser at fleire elevar er til stades i opplæringa, men også at vi må halde fram arbeidet med tett oppfølging, vurdering for læring og støtte til elevar som står i fare for ikkje å fullføre.

Ved Borgund lærer elevane gjennom å vere aktive i verkstadar, salongar, kjøkken, byggeplassar og bedrifter. Yrkesfag handlar ikkje berre om fagleg kompetanse, men også om å utvikle arbeidsvanar, ansvarskjensle og evne til å møte utfordringar. Ungdom må få høve til å stå i det som er nytt, ukjent og til tider krevjande. Gjennom praktisk opplæring, høge forventningar og gode relasjonar arbeider vi for å utvikle elevar som er både livsmeistrande og yrkesklare.

Eit tett samarbeid med arbeidslivet er avgjerande for å lukkast med dette oppdraget. Gjennom praksis, prosjekt, utplasseringar og samarbeid med næringslivet får elevane erfaring med dei forventningane og krava som møter dei som lærlingar og framtidige fagarbeidarar. Samtidig får vi verdifulle innspel som bidreg til å utvikle opplæringa i takt med behova i arbeidslivet.

Internasjonalisering er òg ein viktig del av utviklingsarbeidet ved skulen. Gjennom Erasmus+ og andre internasjonale samarbeid får både elevar og tilsette erfaringar som styrkjer fagkompetanse, kulturforståing og kjennskap til nye arbeidsmåtar. Internasjonale aktivitetar bidreg til å vidareutvikle yrkesfagopplæringa og gjer både elevar og tilsette betre rusta for eit arbeidsliv i stadig endring. Bak resultata i denne årsmeldinga står eit dedikert profesjonsfellesskap som kvar dag arbeider for at elevane skal oppleve meistring, lærelyst og tilhøyrsle. Årsmeldinga dokumenterer både resultat og utviklingsområde, men først og fremst fortel ho historia om ein skule som kvar dag arbeider for at fleire unge skal lykkast i utdanning, arbeidsliv og livet elles.

Fellesnemnaren er ambisjonen om at fleire elevar skal oppleve meistring, fullføre opplæringa og utvikle den kompetansen, robustheita og yrkesidentiteten som samfunnet og arbeidslivet treng i framtida.

Roger A. Fylling

Rektor

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	133,48
Tal på årsverk i leiarstillingar	16
Tal på årsverk andre tilsette	45,61

Organisering og tal for Ressurssenteret Nordre Sunnmøre

Behandling av søknader vert gjort ved "Vakseninntaket" sentralt og søknadene blir så delegert til skulen. Omlegginga har gjort det vanskelegare å rapportere, men vi har gjort dette etter beste evne. 89 deltakere startet opplæringen på enten vg1, vg2 eller vg2 nivå 36 deltakere tok 1 eller flere fellesfag i denne perioden, 10 av disse tok også programfag. 52 deltakere begynte i modulstrukturert opplæring, 13 innen renholds- operatørfaget og 39 innen helsearbeiderfaget. 1. e år med modulstrukturert opplæring. Det gjennomføres realkompetansevurdering av alle søkere til modulstrukturert opplæring for å kartlegge opplæringsbehov og antatt opplæringstid, 32 søkere har fått gjennomført realkompetansevurderinger i ett eller flere fag (utenom modulstrukturert opplæring) i løpet av perioden. Dette betyr at totalt 64 fag er vurdert. I tillegg fikk 18 søkere tilbud om forberedende kurs, da de hadde søkt om modulstrukturert opplæring og manglet praksis fra fagfeltet og arbeidstilknytning.

Organisatorisk om UPA

I skuleåret 2025/2026 gav UPA skole tilbod til totalt 63 elevar. Av desse var 41 jenter og 22 gutar. Fleirtalet av elevane kom frå grunnskolen (50 elevar), medan 12 elevar kom frå vidaregåande opplæring. Éin elev stod utan ordinær skoletilknyting. Elevgruppa var, som tidlegare år, dominert av ungdomsskuleelevar og jenter, men skulen ser samstundes ein tendens til fleire yngre elevar og fleire gutar enn tidlegare.


UPA skole tilbyr eit fleksibelt og individuelt tilpassa opplæringstilbod til elevar med psykiske helseutfordringar, både gjennom oppfølging av innlagde elevar ved UPD og

heimebuande elevar i behandling ved BUP. Opphalda varierer i lengd og formål, frå korte akuttopphald til planlagde og målretta tiltak med fokus på kartlegging, meistring, motivasjon og tilbakeføring til ordinær opplæring. For mange elevar fungerer UPA skole som ein trygg treningsarena der dei får struktur, positive læringserfaringar og tru på eigne moglegheiter.

Skolen samarbeider tett med behandlingsapparatet, føresette, nærskolar, PPT, barnevern og andre aktuelle instansar. I løpet av året hadde UPA skole elevar frå 40 ulike skolar og samarbeid med 30 av desse. Erfaringane viser at det tverrfaglege samarbeidet mellom skole og helse bidreg til gode overgangar, styrkt meistring og meir treffsikre tiltak for elevane. Samtidig understrekar arbeidet betydninga av tidleg innsats, då langvarig fråvær gjer tilbakeføring til opplæring meir krevjande.

Pedagogisk personale

Det er i alt 162 personar som var tilsett i pedagogiske stillingar skuleåret 25-26. Av desse var 61,48 kvinner og 38,52 % menn Alderssamansetjinga i det pedagogiske personalet er illustrert i tabellen under, og viser at det framleis er ei stor gruppe som nærmar seg pensjonsalderen om få år.



Tabell 2.1.1 Aldersfordeling i grupper

Andre tilsette

Administrativ avdeling - blir drifta av ein avdelingsleiar, 5 konsulentar og ein sekretær.

Elevtenesta – har avdelingsleiar, 6 rådgivarar, 3 miljøveiledarar, minoritetsspråkleg rådgivar og ein bibliotekar. I tillegg har leiar oppfølging med eksterne samarbeidspartar som PPT, OT og Helsesjukepleiarar. **Kantine** - skolen driftar eiga kantine med 3 kantinemedarbeidarar og ein fagleiar. Kantinen er lagt til avdelingen Restaurant- og matfag og ledes av avd. leder for den avdelingen.



Tabell 2.1.2 Organisering

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro og datateknologi	90	81	42	213
Helse- og oppvekstfag	87	83	34	204
Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign	43	40	8	91
Handverk, design og produktutvikling	13	12		25
Teknologi- og industrifag	71	74		145
Restaurant- og matfag	38	28		66
Bygg- og anleggsteknikk	58	69		127
Total				871

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	117

Elevtal

Dei første vekene er det bevegelse i elevtalet. Ikkje alle møter til skulestart, eller sluttar relativt raskt. Då får elevar som står på venteliste tilbod, noko som igjen fører til at det vert ledig plass på det utdanningsprogrammet eller skulen dei starta ved.

Elevplassar på ATO og YO

Alle elevar skal søke eit utdanningsprogram. Dei to tilboda ATO (Alternativ tilrettelagt opplæring) og YO (Yrkesopplæring) er ikkje utdanningsprogram, og heller ikkje søkbare. Elevane som ynskjer dette tilbodet må søkast inn på eit vanleg utdanningsprogram ved skulen. I dialog med elev og føresette lagar skulen eit tilbod ved ein av desse basane som passar eleven sitt behov. Dette er grunnen til at det til dømes står eit tal med elevar på 1BA, medan der eigentleg berre er plass til 60 elevar på utdanningsprogrammet på VG1.

Ved vår avdeling for ATO er individuelle tilpassede løp tilrettelagt for både psykiske, sosiale og emosjonelle vanskar eller at ein på YO må ha skjerming fordi ein ikkje får til det sosiale felleskapet i ei ordinær inkluderande klasse. Vi legg vekt på felleskapet med jamnaldrande og kva som er viktig i eit felleskap å meistre. Det er mest mogleg praktisk

læring i alle fag med utgangspunkt i livsmeistring og dei grunnleggande ferdigheitane som skriving, lesing, rekning og munnleg og digitalt (YO)

Klassestørrelse

I ei klasse på yrkesfag er det vanlegvis 15 elevplassar. Då skulen vart bygd vart nokre få klasserom/ verkstadar redusert i størrelse, då ein meinte at det ikkje var behov for så mange lærlingar innan programområdet. På VG3 er det i utgangspunktet berre 12 elevplassar, då ein sjeldan får med seg alle elevane frå VG2.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	Borgund vgs 2024-25	Borgund vgs 2025-26	Fylket 2025-26
0 eller ingen	13,8%	12,8%	11,4%
0 - 25	4,0%	4,0%	2,7%
25 - 30	9,4%	8,8%	4,7%
30 - 35	19,8%	15,3%	11,1%
35 - 40	20,0%	26,5%	16,8%
40 - 45	21,5%	19,3%	22,3%
45 - 50	9,6%	10,0%	17,9%
Over 50	2,0%	3,5%	13,0%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Borgund vgs	37,3	36,8	35,4	36,1	37,1
Fylket	42,2	42,5	41,3	41,1	41,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karaktersnittet er forsiktig positivt stigande over tid men ein ser at elevane som kjem er i mindretal med poengsum over 45 og oppover.

Ser ein på tabellen i 2.3.1, så er det tydeleg at Borgund vgs rekrutterer langt fleire elevar med lave karakterpoeng enn snittet i fylket. Til dømes kom 25,6 % (27,2 %) av elevane på Borgund frå ungdomsskulen med mindre enn 30 poeng, medan snittet for fylket er 18,8 % (17,8%) i denne kategorien.

Lav karakterpoengsum frå grunnskulen treng ikkje bety noko for kor god fagarbeidar ein vert til slutt! Vi opplever at mange elevar blomstrar når dei får boltre seg i praksisfeltet som er vår arena for meistring, med eit skrujarn, ei rettetang, ei sag eller ein slikkepott i handa. Også fellesfag kan gi meinig når dei i større grad vert vinkla inn mot den utdanninga elevane er i ferd med å ta. Ein kan godt seie at vi tenker alle fag, program- som fellesfag å sjå dei i lys av kva ungdommen skal verte. Sjå samfunnsfag i lys av

historia, samfunnsutviklinga frå eit «Tømrar» perspektiv.

Ein del av elevane har svært dårleg norskkunnskapar. Dette kan vere krevjande, særleg når ein skal få på plass eit «fagspråk» eller snakke med kundar/ brukarar.

Så handsamar skulen kvart år nærmast 380 søknadar på ITO, tidlegare (A-skjema, B-skjema eller skjema for minoritetsspråklege elevar). Dette er eit stort arbeid, både å avklare kva rettar elevane har, kva slags opplæringstilbod dei treng, og samordning av alle som treng informasjon eller å samarbeide rundt eleven. Skuleåret 25-26 hadde skulen 122 elevar på ITO (elevar som har enkeltvedtak om rett til individuell tilrettelagt undervisning og søkte om fortrinn ved inntak.)

3. Læringsmiljø

Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Resultata frå Elevundersøkinga viser eit samla sett stabilt og godt læringsmiljø ved Borgund vidaregåande skule, men med tydelege skilnader mellom trinna.

På Vg1 ser vi ei positiv utvikling på fleire område. Elevane opplever i større grad støtte frå lærarane, betre meistring og auka motivasjon for læring. Dette tyder på at arbeidet med klasseleiing, relasjonsbygging og tilrettelegging for læring har god effekt for dei yngste elevane. Samtidig er nivået for faglege utfordringar framleis høgt, sjølv om denne indikatoren viser ein mindre nedgang.
Vg2 framstår som det trinnet med den sterkaste positive utviklinga. Elevane rapporterer om betre trivsel, sterkare læringskultur, auka meistring og ei meir positiv oppleving av

vurdering for læring. Utviklinga tyder på at elevane i større grad opplever samanheng mellom opplæringa og eiga læring, og at overgangane mellom Vg1 og Vg2 fungerer godt.

For Vg3 er biletet meir samansett. Trass i at trivselen framleis er god, viser undersøkinga tilbakegang på fleire sentrale område knytte til læringsmiljøet. Særleg gjeld dette opplevinga av læringskultur, motivasjon, meistring, elevmedverknad og vurdering for læring. Dette kan vere uttrykk for dei utfordringane som ofte pregar avsluttande opplæringsløp, der elevar møter aukande krav, større val knytte til overgang til arbeid eller vidare utdanning, og eit sterkare prestasjonspress.

Samla vurdert viser undersøkinga at skulen har eit godt fundament når det gjeld trivsel, relasjonar og fagleg støtte. Den positive utviklinga på Vg1 og Vg2 gir grunnlag for optimisme. Samstundes peikar resultata på eit behov for særskilt merksemd rundt læringsmiljøet på Vg3. Arbeidet framover bør ha fokus på tiltak som styrkjer motivasjon, oppleving av meistring, elevmedverknad og vurderingspraksis i dei avsluttande opplæringsløpa.

Kjenneteikn:

- Læringsmiljøet ved skulen er framleis stabilt og gjennomgåande godt.
- Vg1 og særleg Vg2 viser positiv utvikling på dei fleste sentrale områda.
- Elevane opplever generelt god støtte frå lærarane og eit trygt læringsmiljø.
- Vg3 viser tilbakegang på fleire indikatorar knytte til motivasjon, meistring og læringskultur.
- Vidare utviklingsarbeid bør prioritere elevmedverknad, vurdering for læring og motivasjonsarbeid i avsluttande opplæringsløp.

Resultata frå Elevundersøkinga viser i hovudsak god samanheng mellom prioriteringane i skulen sin handlingsplan og elevane sine opplevingar av læringsmiljøet. Særleg på Vg1 og Vg2 ser vi positiv utvikling innan trivsel, meistring, læringskultur og vurdering for læring. Dette tyder på at arbeidet med klasseleiing, relasjonsbygging og elevmedverknad gir resultat. Samstundes viser undersøkinga at Vg3 har ei svakare utvikling på fleire

område knytte til motivasjon, meistring, elevmedverknad og vurdering for læring. Resultata peikar difor på behov for vidare målretta arbeid med elevinvolvering og vurderingspraksis i dei avsluttande opplæringsløpa, i tråd med målsetjingane i handlingsplanen.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	9
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	1
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Skulen arbeider kontinuerleg for at elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø.

Vi har eigen prosedyre for å sikre at alle tilsette skal kjenne til korleis mobbing skal førebyggast og handterast, og kva som er den enkelte si plikt i slike saker.

Skulen har 3 miljøveiledarar som har skulemiljøet som si viktigaste arbeidsoppgåve, og som samarbeider tett med lærarane, skuleleiing og eksterne aktørar. Dette sikrar at vi har trygge vaksne i skulen sine fellesareal i alle friminutt, dei kjenner elevgruppa og fangar tidleg opp ulike konfliktar. Dei står også i bresjen for ulike trivselstiltak som tysdagsgraut, torsdagsfrukost, hybeltreff, bordtennisturneringer osb.

I løpet av skuleåret vert det arbeidd mykje med å etablere gode og trygge læringsmiljø i alle klasser, der ein mellom anna nyttar VIP-makker som metode for å gjere det føreseieleg for elevar som er utrygge. Klasse- og læringsmiljø skal jamleg vere tema i klassens time og avdelingselevråd.

Elevtenesta har jobba mykje med å systematisere arbeidet rundt elevane. Det har blitt fokusert på som metode noko vi har kalla "Trafikklys-modellen". Dette er ein måte å synleggjere i kva grad ein er uro for ein elev, og utvikling til eleven både fagleg og sosialt over tid. Denne modellen vert no nytta i alle skulen sine ressursteam.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	10
Møter i skoleutval	4
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	

Elevråd - elevrådsstyret
Ved Borgund vidaregåande skole var det dette året 65 klasser. Vi har organisert oss med avdelingsvise elevråd, i tillegg til eit elevrådsstyre med representantar frå alle avdelingane.

Elevane tek opp saker i klassens time. Dersom det er noko som vedkjem fleire elevar på utdanningsprogrammet er det naturleg at tillitselev tek med seg saker inn i avdelingselevråd. Elevrådsstyret (ERS) handsamar forhold som gjeld alle elevane på skulen. Dei hadde 10 styremøte dette skuleåret. Referat frå avdelingsvise elevråd og ERS vert tilgjengeleg for alle elevane ved skulen i eigen kanal på Teams.
I evaluering av elevrådsarbeidet kom det fram at det er utfordrande å få til kontinuitet mellom ERS og avdelingsvise elevråd på grunn av fråvær (praksis, prøver, køyretimar osv). Vi bestemte oss difor å utvide ERS til å ha 2 faste medlem frå kvart avdelingselevråd.

Dette skuleåret har skulen vore pilot i eit prosjekt der Sunnmørsposten hatt forsøkt å få fleire unge til å delta i samfunnsdebatten. Dei har kursa elevane i redaktørstyrte medium og ytringsmot, og skulen var også arena for ein panelsamtale i samband med konferansen "The North West".

Skulen har ikkje teke initiativ til inkluderande avgangsmarkering for russen, då talet på elevar som er russ er så lågt (vanlegvis mellom 30-40 elevar, altså under 10% av dei som er avgangselevar.)

Statsforvaltaren gjennomførte i november 25 tilsyn med Møre og Romsdal fylkeskommune om det førebyggande arbeidet med skulemiljø ved Borgund vidaregåande skole. I tilsynsrapporten konkluderer ein med at skulen har eit solid verdigrunnlag og mange gode tiltak, men må styrke gjennomføringa slik at alle elevar får reell medverknad og kunnskap om rettane sine.

Skuleutvalet

Vi hadde 4 møter i skuleutvalet. I vårt utval har vi tre medlem frå bransjar/ næringsliv, fire føresette til elevar på VG1, representantar frå personalet og skuleleiinga. Her er også elevrådsleiar og nestleiar faste medlem, der dei bidreg med elevperspektiv på aktuelle saker.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	79,2%

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro og datateknologi	96,7%	97,5%	66,7%	91,1%
Helse- og oppvekstfag	78,2%	75,9%	82,4%	77,9%
Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign	62,8%	90,0%	100%	78,0%
Handverk, design og produktutvikling	76,9%	75,0%		76,0%
Teknologi- og industrifag	70,4%	85,1%		77,9%
Restaurant- og matfag	55,3%	60,7%		57,6%
Bygg- og anleggsteknikk	60,3%	88,4%		75,6%
Total	74,5%	84,8%	76,2%	79,2%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Borgund vgs	85,7%	84,5%	84,5%	84,7%	79,2%
Fylket	91,5%	90,9%	90,7%	89,7%	88,0%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skuleåret 2025–26 viser ein nedgang i fullført og bestått frå 84,7 prosent året før til 79,2 prosent. Nedgangen kjem i hovudsak på Vg1, der resultata fell samanlikna med tidlegare år. Samtidig ser vi at Vg2 held fram med gode resultat og faktisk styrkjer gjennomføringa noko samanlikna med førre skuleår. Dette stadfestar at utfordringane i stor grad er knytte til overgangen frå grunnskule til vidaregåande opplæring.

På programnivå er biletet samansett. Elektro og datateknologi oppnår framleis svært

sterke resultat, sjølv om vg3 hadde eit uventa lågare gjennomføring men ligg likevel samla for avdelinga på eit nivå som er blant dei beste ved skulen. Helse- og oppvekstfag, Teknologi- og industrifag og Bygg- og anleggsteknikk viser relativt stabile resultat, medan Restaurant- og matfag har ein markant nedgang og står fram som det største utfordringsområdet dette året. Samtidig er det positivt at Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign viser gode resultat på Vg2 og Vg3.

Resultata må sjåast i samanheng med elevgrunnlaget ved Borgund vidaregåande skule. Forsking frå Udir, SSB og NIFU viser ein sterk samanheng mellom grunnskulepoeng og sannsynet for å fullføre og bestå vidaregåande opplæring, særleg innan yrkesfag. Borgund har over tid teke imot mange elevar med lågare inntakspoeng enn fylkessnittet, noko som gjer tett oppfølging, relasjonsarbeid og praktisk opplæring ekstra viktig.

Sjølv om resultata for 2025–26 representerer ein tilbakegang, viser både Elevundersøkinga og erfaringane frå skulen at elevane opplever god støtte frå lærarane, høg trivsel og eit trygt læringsmiljø. Dette er sentrale føresetnader for å lukkast med gjennomføring. Arbeidet med klasseleiing, relasjonskompetanse, vurdering for læring og tett oppfølging av elevane, særleg på Vg1, vil derfor framleis vere dei viktigaste tiltaka for å styrkje gjennomføringa dei komande åra.

Resultata for fullført og bestått må også sjåast i samanheng med skulen sine satsingsområde i handlingsplanen. Elevundersøkinga viser at elevane opplever god støtte frå lærarane, høg trivsel og eit trygt læringsmiljø, noko som tyder på at arbeidet med relasjonar, klasseleiing og inkluderande praksis gir effekt. Samstundes viser nedgangen i fullført og bestått at skulen framleis har utfordringar knytte til gjennomføring, særleg på Vg1 og i enkelte programområde. Dette understrekar behovet for å vidareføre det målretta arbeidet med meistring, vurdering for læring, elevmedverknad og tett oppfølging av elevar i risikosona. Elektro og datateknologi framstår som eitt av skulen sine sterkaste utdanningsprogram både når det gjeld karakterresultat, fråvær og gjennomføring.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Elektro og datateknologi	4,38
Helse- og oppvekstfag	3,62
Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign	4,10
Handverk, design og produktutvikling	4,19
Teknologi- og industrifag	3,79
Restaurant- og matfag	3,88
Bygg- og anleggsteknikk	3,99

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Borgund vgs	3,96	4,02	4,02	3,97	3,98
Fylket	4,24	4,21	4,21	4,19	4,21

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karaktersnittet ved Borgund vidaregåande skule er stabilt samanlikna med tidlegare år og har auka svakt frå 3,97 i 2024–25 til 3,98 i 2025–26. Dette viser at skulen held oppe dei faglege resultata trass i at fullført og bestått har gått noko ned. Avstanden til fylkessnittet er framleis relativt stabil over tid.

På programnivå er det små variasjonar. Elektro og datateknologi har framleis det høgaste karaktersnittet ved skulen, medan Handverk, design og produktutvikling og Teknologi- og industrifag viser positiv utvikling samanlikna med førre år. Bygg- og anleggsteknikk ligg stabilt, medan Helse- og oppvekstfag og Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign viser ein mindre nedgang. Restaurant- og matfag har framgang frå førre år, men ligg framleis lågare enn fleire av dei andre utdanningsprogramma.

Samla sett viser resultata at det faglege nivået ved skulen er stabilt, og at elevane i stor

grad oppnår karakterresultat på nivå med tidlegare år. Dette er særleg positivt når ein tek omsyn til elevgrunnlaget og at mange elevar ved skulen har lågare inntakspoeng enn fylkessnittet.

Resultata støttar opp under måla i handlingsplanen om å utvikle læring gjennom sterke profesjonsfellesskap, gode relasjonar og inkluderande praksis. Det stabile karakternivået tyder på at arbeidet med vurdering for læring, klasseleiing og tett elevoppfølging bidreg til å opprethalde det faglege nivået. Samtidig viser forskjellar mellom programområda at det framleis er behov for målretta utviklingsarbeid for å sikre jamnare fagleg progresjon og læringsutbytte for alle elevgrupper.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	7,5	21,5	6,2%
Vg1	7,6	23,6	6,4%
Vg2	7,6	21,2	6,2%
Vg3	6,9	13,7	5,0%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Borgund vgs	2,9%	6,8%	7,3%	8,4%	6,2%
Fylket	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%	6,3%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet ved Borgund vidaregåande skule har gått tydeleg ned frå 8,4 prosent i 2024–25 til 6,2 prosent i 2025–26. Dette er ei svært positiv utvikling og inneber at skulen no ligg marginalt lågare enn fylkessnittet. Nedgangen er særleg stor på Vg1, der fråværet har

vore høgast dei siste åra, men vi ser også ei positiv utvikling på Vg2 og Vg3.

Resultata tyder på at arbeidet med tett oppfølging, relasjonsbygging og struktur rundt elevane har hatt effekt. Samstundes er fråvær framleis ei utfordring for mange elevar i yrkesfagleg opplæring, der læring i stor grad skjer gjennom praktisk arbeid i verkstad, kjøkken, salong og bedrift. Høgt nærvær er derfor avgjerande både for læringsutbytte og gjennomføring.

Den positive utviklinga må også sjåast i samanheng med at skulen over tid har arbeidd systematisk for å halde elevane i opplæring framfor at dei sluttar. For enkelte elevar inneber dette at dei framleis har eit betydeleg fråvær, men at dei samtidig får oppfølging og moglegheit til å kome tilbake i opplæringa. Nedgangen i fråværet dette året er derfor eit viktig signal om at fleire elevar i større grad deltek i undervisninga.

Utviklinga i fråværet støttar opp under måla i handlingsplanen om eit trygt og inkluderande læringsmiljø, sterke relasjonar og tett elevoppfølging. Nedgangen tyder på at arbeidet med klasseleiing, elevmedverknad og meistring bidreg til at fleire elevar møter på skulen og deltek i opplæringa. Resultata gir grunnlag for å vidareføre den systematiske innsatsen for nærvær, særleg i overgangen til Vg1 og for elevar med samansette utfordringar.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2025-26

Prosent	Tal
6,5%	57

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26

Borgund vgs	5,4%	6,7%	7,0%	6,0%	6,5%
Fylket	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%	3,1%

Talet på elevar som har slutta auka frå 6,0 prosent i 2024–25 til 6,5 prosent i 2025–26, tilsvarande 57 elevar. Sjølv om utviklinga representerer ein auke frå førre år, ligg nivået framleis nært resultata frå dei siste åra. Borgund ligg framleis over fylkessnittet, noko som må sjåast i samanheng med at skulen er ein rein yrkesfagleg skule med mange elevar som kjem inn med låge grunnskulepoeng, samansette utfordringar eller usikkerheit knytt til utdanningsval.

Erfaringane frå skulen viser framleis at stort fråvær og feilval er blant dei vanlegaste årsakene til at elevar avsluttar opplæringa. For enkelte elevar blir møtet med krava i vidaregåande opplæring meir krevjande enn venta, medan andre oppdagar at dei har valt eit utdanningsprogram som ikkje samsvarar med eigne interesser eller forventningar. Samstundes er det positivt at opplæringslova gir større moglegheit for omval, meir opplæring og fleksible løp, slik at fleire elevar kan kome tilbake til opplæring i staden for å falle heilt ut.

Utviklinga må også sjåast i samanheng med fråværstala. Sjølv om fråværet har gått ned dette året, ser vi framleis at ein del elevar strevar med oppmøte og skulekvardagen. Tidleg identifisering av risikofaktorar, tett oppfølging og praktiske meistringsarenaer vil derfor vere avgjerande for å redusere talet på sluttarar framover.

Resultata viser at arbeidet med relasjonar, elevoppfølging og inkluderande praksis framleis er avgjerande for å nå måla i handlingsplanen. Den relativt stabile utviklinga i sluttartala tyder på at skulen lukkast med å halde mange elevar i opplæringsløpet, men nivået viser samtidig at det er behov for å styrkje innsatsen knytt til nærvær, motivasjon, karriererettleiing og tidleg oppfølging av elevar i risikosona. Dette er særleg viktig på Vg1, der overgangen frå grunnskule til vidaregåande opplæring framleis framstår som den mest kritiske fasen for gjennomføring.

4.5 Overgangar

På vår skule snakkar vi om to slags overgangar. Det er frå ungdomsskule til vidaregåande, og så frå vidaregåande skule og ut i lære.

Frå ungdomsskule til vidaregåande skule

Elevtenesta har ei sentral rolle inn mot ungdomsskulane og rådgivarane der. Det første møtet med neste års elevar skjer på Utdanningsmessa i Sparebank Arena i slutten av september. Her er det lærarar og elevar frå alle våre utdanningsprogram på plass for å vise fram sine fag. Skulen sender også lærarar frå enkelte programområde til utdanningsmessa på søre Sunnmøre, då elevane der ikkje har alle tilbod på sine lokale skular. (Til dømes apotek, helsesekretær, interiør)

Så får elevane tilbod om 2 dagar med hospitering i november. For oss går dette over ei heilt skuleveke, då det er mange elevar som vil prøve ut Borgund vgs. Her er elevane på VG1 vertskap og guidar.

Skulen arrangerer «Open dag» i slutten av januar, der også føresette kan kome innom for å sjå seg rundt på skulen før elevane skal sende inn søknad om skuleplass.

Inn mot skulestart er det ein del føresette som ynskjer å kome i kontakt med skulen for å skape så føreseielege rammer som muleg for eleven. Det vert gjennomført mange slike møter både før og etter sommarferien, der eleven får møte kontaktlærar og etablere ein relasjon før skulestart. I fleire saker har også rådgivar og miljøveileiar vore kopla på.

Elevtenesta samarbeider med dei lokale ungdomsskulane og deltek på ulike informasjonsmøte på våren. På denne måten vert vi litt kjent med ungdomskullet som er på veg inn i skulen.

På våren vert det gjort eit stort arbeid med å gjennomgå sakene til elevar som søker om individuell tilrettelegging (ITO), slik at den enkelte elev vert møtt på best muleg måte, og

får den tilretteleggingа som er nødvendig ved skulestart. Ved behov blir ungdomsskolane kontakta.

Avdelingsleiarane samarbeider òg på tvers av skolen for å gi elevane eit best mogleg tilpassa tilbod. Informasjonen blir formidla til lærarane før skolestart, og PPT deltek i gjennomgangen av sakkunnige vurderingar.

Frå vidaregåande skule og ut i lære

Samfunnsoppdraget vårt er å utdanne fagarbeidarar, og difor er vi opptekne av å ha eit fokus ut mot arbeidslivet så tidleg som muleg. Fleire avdelingar startar opp med sikkerhetskurs og treff med bransjane tidleg i september. Det er eit mål at alle elevane på VG1 skal ut og få prøve seg i arbeidspraksis. Dette ser vi motiverer elevane.

Vi har også enkelte elevar som er så trøytte av skule at dei kanskje treng eit tilbod der dei er i praksis nesten heile skuleveka, og berre er innom oss for å ha fellesfaga.

Som skule arbeider vi mykje med å gjere elevane «yrkesklare». Det er det ikkje alle som er. - Kva slags haldningar og ferdigheiter må vere på plass for at det skal «fungere» når eleven skal starte på læretida?

Vi har hatt eit prosjekt som vi har kalla METRIS. Dette har delvis handla om å hjelpe dei elevane som er så utrygge i høve praksis at dei treng meir hjelp enn det lærarane har tid til. Då har rådgivar eller miljøveileiar kunne trå til med ekstra tid og rettleiing, slik at eleven vert trygga i møtet med ein potensiell framtidig arbeidsplass.

I arbeidet med å systematisere og skaffe oss oversikt over samsvaret mellom arbeidspraksis og lærekontrakt nyttar vi verktøyet "Læreplasssrekneskapet".

5. Leiing og profesjonsutvikling

5.1 Handlingsplan

Borgund
vidaregåande skole



HANDLINGSPLAN

2025 – 2027

Profesjonsfellesskapet: Skal preges av psykologisk trygghet, der samhandling, samskaping og mestring bidrar til økt læring, engasjement og fellesskapsfølelse blant elever og ansatte.

Næringslivet: Et tett samarbeid som skaper relevans i opplæringa og bidrar til økt motivering og gjennomføring.

Klasseledelse: Undervisningen skal preges av tydelige forventninger og struktur slik at elevene opplever forutsigbarhet og arbeidsro.

Elevmedvirkning: Skal fremme motivasjonen til eleven og styrke fellesskapsfølelsen i læringsmiljøet.

Raust og støttende læringsmiljø: Trygge relasjoner gir engasjerte elever med rom for nysgjerrighet, utforsking og mestring.

Vurdering: Elever skal få reell innflytelse på undervisningsformer og vurderingspraksis for å styrke eierskap til egen læring og skape lærelyst.

5.2 Avdelingsmøter

Mykje av profesjonsutviklinga skjer i møter på avdelinga. Kvar veke er lærarane med på teamtid, avdelingsmøte og fagmøte. I teamtida samarbeider lærarane om undervisninga og læringsmiljøet rundt enkeltklasser eller årstrinn. På avdelingsmøtet er fokuset på alle elevane på avdelinga. Det kan handle om både undervisning og læringsmiljø, om handlingsplan og satsingsfelt eller meir praktiske avklaringar eller oppgåver. I fagmøtet samlast ein for å diskutere og utvikle det meir fagspesifikke for sitt programområde/ fellesfag. Det er den einskilde avdelingsleiaren som har ansvaret for møta på si avdeling.

5.2 Fellespedagogiske møter

I løpet av skuleåret er det også eit visst antal fellespedagogiske møter, der alle møtes på tvers av avdelingane. Her er fokuset på tversgåande emne som alle skal jobbe med. Dette skuleåret har vi halde fram med "Vurderingsprosjektet", eit DeKom-samarbeid med Siv Gamlem og Synnøve Moltudal frå Høgskulen i Volda. Målet har vore å utvikle vurderingspraksisen, slik at flest muleg av elevane får vurderingar som fører til læring og lærelyst.

I tillegg har det vore bruk for å bruke felles tid til gjennomgang av forhold som vedkjem alle, der vi ynskjer lik praksis. Eit døme frå skuleåret 25-26 var oppfølging av fråvær og handtering av utfordrande åtferd.

5.3 Strategi for kompetanseheving

Dette skuleåret var det 6 lærarar som starta å studerte for å få på plass grunnutdanning. 5 lærarar tok PPU-Y og 2 starta på YFL. I tillegg var det 7 lærarar som fekk stipend i samband med vidareutdanning.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no